



Vår dato:

08.04.2022

Vår ref:

2022/3143

Dykkar dato:

Dykkar ref:

21/8607

Øygarden kommune,
Ternholmvegen 2,
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Øygarden kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Øygarden kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 177/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Vi vurderer det som realistisk for kommunen å oppnå eit faktisk resultat i år som er betre enn det budsjetterte netto driftsresultatet på null. Netto driftsoverskot bør vere minst 1,75 prosent av driftsinntektene, slik kommunen har vedteke som ei målsetjing.

Noverande disposisjonsfond er for lite som driftsreserve. Det er nødvendig med ei gradvis oppbygging av fondet gjennom åra i økonomiplanperioden. På denne bakgrunn bør kommunen oppnå netto driftsoverskot allereie i år for å starte oppbygginga av disposisjonsfondet.

Den reelle lånegjelda er høg. Vi rår kommunen til ikkje å auke lånegjelda inntil vidare. Ved å ikkje auke lånegjelda nominelt frå noverande nivå, vil realverdien av gjelda bli redusert over tid.

Budsjett 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsunderskot med - kr 10,0 mill. Det utgjer - 0,3 prosent av driftsinntektene i 2021. Netto driftsunderskot i 2021 blir dekt inn med bruk av



disposisjonsfond. Kommunen hadde ekstraordinære eingongsutgifter i 2021 som bidrog til at kommunen fekk netto driftsunderskot.

Netto driftsresultat i budsjettet for 2022 er lik null.

Kommunen har budsjettet med kr 1223,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 2339,6 mill.

Inntektsprognosene for 2022 er oppdatert med innkomen skatt i 2021 og innbyggjartal per 1.1.2022. Dei budsjetterte inntektene er noko lågare enn i den siste inntektsprognosene (kr 2350,9 mill.).

Det er budsjettet med kr 158,0 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var kr 159,1 mill.

Det er vedteke eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Den årlege nedtrappinga av dette berekningsgrunnlaget bidreg til noko reduksjon i eigedomsskatteinntektene frå 2021 til 2022.

Det er budsjettet med utbytte på kr 23,0 mill. for 2022. I 2021 var det samla utbyttet frå BKK og BIR (eigardel i BKK 2,02 prosent) kr 27,4 mill.

Kommunen fekk i 2021 kr 10,3 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Det er i budsjettet for i år innarbeidd ei inntekt frå fondet med kr 14 ½ mill.

Det er budsjettet med kr 102,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Kommunen legg opp til å betale lånegjelda med minimumsavdrag, basert på § 14-18 i kommune-lova.

I 2022 er det budsjettet med brutto investeringar for til saman kr 172,8 mill. Dei største investeringane er i teknisk servicebygg og ombygging av sentrumsgate. Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 109 ½ mill. Dessutan blir investeringane finansierte med momskompensasjon og investeringstilskot.

Det er budsjettet med opptak av startlån til vidare utlån, kr 85,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 3,7 mrd. (førebels rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 117,0 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 96.050,- per innbyggjar. I brutto lånegjeld inngår om lag kr 400 mill. i startlån til vidare utlån.

Gjeldsnivået må bli vurdert i samanheng med at verksemda for vatn, avlaup og renovasjon er organisert i aksjeselskapet ØyVAR AS. Lånegjelda til selskapet er difor ikkje med i dei nemnde tala for lånegjeld. Det gjer at samanlikningar med gjeldsnivået i andre kommunar gir inntrykk av at kommunen sin gjeldssituasjon er betre enn det som er reelt.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og



løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen for 2021-2024 var det lagt opp til eit netto driftsoverskot i 2022 med kr 50 mill., eller 1,75 prosent av driftsinntektene. I økonomiplanen for 2022-2025 er målsetjinga om netto driftsoverskot forskyvd til 2023. Budsjettet netto driftsresultat for i år er lik null. For dei neste åra i planperioden, 2023-2025, er det målsetjingar om årlege netto driftsoverskot på mellom kr 48 mill. og kr 49 mill.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr $73 \frac{1}{2}$ mill. ved utgangen av 2021 (førebels rekneskap). Det utgjer 2,3 prosent av driftsinntektene i 2021. Disposisjonsfondet er redusert frå kr 80,7 mill. ved utgangen av 2020

Investeringane i økonomiplanperioden er planlagt vidareført på om lag same nivået som i år, med eit noko lågare nivå i 2023.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat 1,75 prosent av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 prosent av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstige 100 prosent av brutto driftsinntekter

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen hadde netto driftunderskot både i 2020 og i 2021. Underskotet var noko mindre i 2021 enn for 2020. Dessutan var det relativt store ekstraordinære eingongsutgifter i fjar som bidrog til underskotet. Budsjettet for i år er vedteken med netto driftsresultat lik null. Vi vurderer det som realistisk for kommunen å oppnå eit faktisk resultat i år som er betre enn budsjettet. Netto driftsoverskot bør vere minst 1,75 prosent av driftsinntektene, slik kommunen har vedteke som ei målsetjing.

Noverande disposisjonsfond er for lite som driftsreserve. Fondet bør bli opparbeidd til om lag kr 300 mill., basert på noverande inntektsnivå. Fondet var ved utgangen av 2021 berre om lag $\frac{1}{4}$ av dette. Det er difor nødvendig med ei gradvis oppbygging av fondet gjennom åra i økonomiplanperioden. På denne bakgrunn bør kommunen oppnå netto driftsoverskot allereie i år for å starte oppbygginga av disposisjonsfondet.

Den reelle lånegjelda er høg, i lys av at verksemda for vatn, avlaup og renovasjon er lagt til eige aksjeselskap. Nivået på lånegjelda må også bli sett i samanheng med at kommunen har hatt utfordringar med å oppnå netto driftsoverskot. Vi rår difor kommunen til ikkje å auke lånegjelda inntil vidare. Kommunen bør ikkje ta opp større lån enn det som blir betalt i avdrag. Ved å ikkje auke lånegjelda nominelt frå noverande nivå, vil realverdien av gjelda bli redusert over tid.



Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent